



# DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

## Møteprotokoll for Bjørgvin bispedømeråd

**Møtedato:** 19.10.2015  
**Møtestad:** Bjørgvin bispedømekontor  
**Møtetid:** 09:00 - 16:00

Møtedeltakarar	Råd
Berit Nøst Dale	BJØ
Egil Morland	BJØ
Halvor Nordhaug	BJØ
Inger Helene Thingvold Nordeide	BJØ
Ivar Braut	BJØ
Julie Ane Ødegaard	BJØ
Kari Synnøve Muri	BJØ
Nils Dagestad	BJØ
Tone Synnøve Øygard Steinkopf	BJØ
Ingmar Ljones	BJØ

### Saksliste

Saksnr	Tittel	Gradering
057/15	Godkjenning av innkalling og saksliste	
058/15	Godkjenning av møtebok	
059/15	Tilsetting - Sokneprest i Åsane prosti med Salhus sokn som tenestestad	U.Off - Personalsak
060/15	Tilsetting - Sokneprest i Nordfjord prosti med tenestestad i Eid og Stårheim sokn	U.Off - Personalsak
061/15	Tilsetting - Kapellan i Fana prosti med Skjold sokn som tenestestad	U.Off - Personalsak
062/15	Økonomirapport pr 2.tertial 2015 - kap 0340/3340 - post 01 drift	
063/15	Kyrkjemøte sitt budsjettreglement - høyring	
064/15	Samanslåing av Bjørgvin og Biskopshavn familievernkontor	
065/15	Vidareføring av Lærenemnd for Den norske kyrkja	
066/15	Arbeidsgjevarspørsmål i samband med verksemdsoverdraginga - utkast til aktuelle regelverk	

- 067/15** Den norske kyrkja si klagenemnd - oppretting av eit særskilt klageorgan i samband med verksemdsoverdraginga
- 068/15** Etablering av eit nytt kontrollorgan for kyrkjemøte
- 069/15** Nysæter gravplass - Klage på vedtak - Gravminne
- 070/15** Referatsaker

## **057/15: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Behandling:**

Saker som inneheld opplysningar som er teielagde, blir behandla for lukka dører, jf. Offentleglova § 13 jf. Forvaltningsloven § 13. Dette gjeld alle tilsettingssaker, jf. Offl. § 25.

Spørsmål om ei sak skal være teielagd, behandlast også for lukka dører.

### **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent

Følgande saker behandlast for lukka dører: 059/15, 060/15 og 061/15

---

## **058/15: Godkjenning av møtebok**

### **Vedtak:**

Bjørgvin bispedømeråd godkjenner møtebok frå 31.08.2015

---

## **059/15: Tilsetting - Sokneprest i Åsane prosti med Salhus sokn som tenestestad**

### **Vedtak:**

Bjørgvin bispedømeråd tilset på faste vilkår i stillinga som sokneprest, stillingskode 1555, i Åsane prosti med Salhus sokn som tenestestad

- |                      |                |
|----------------------|----------------|
| 1. Bernt Forstrønen  | Røystetal UOff |
| 2. Fridleif Lydersen | Røystetal UOff |

---

## **060/15: Tilsetting - Sokneprest i Nordfjord prosti med tenestestad i Eid og Stårheim sokn**

### **Vedtak:**

Bjørgvin bispedøme tilset på faste vilkår i stillinga som sokneprest, stillingskode 1555, i Nordfjord

prosti med tenestestad i Eid og Stårheim sokn

1. Knut Magne Dalsbø Røystetal UOff

---

## **061/15: Tilsetting - Kapellan i Fana prosti med Skjold sokn som tenestestad**

### **Vedtak:**

Bjørgvin bispedømeråd tilset på faste vilkår i stillinga som kapellan, stillingskode 0922, i Fana prosti med tenestestad i Skjold sokn

1. Marte Håberg Ottesen Røystetal UOff
2. Kari Hop Fjæreide Røystetal UOff
3. Martin Aalen Hunsager Røystetal UOff

---

## **062/15: Økonomirapport pr 2.tertial 2015 - kap 0340/3340 - post 01 drift**

### **Vedtak:**

1. Bjørgvin bispedømeråd tek til vitande økonomirapport for 2.tertial 2015 for kapittel 0340/3340 post 01-drift. Prognosen pr 31.august viser eit forventa mindreforbruk på kr 500.000.
2. For presteskapet vert det gjort følgjande omdisponeringar i budsjettet:
  - a. Kr 100.000 vert flytta frå formål 5031 – prostemøter, til formål 5034 – kurs/etterutdanning proster.
  - b. Kr 50.000 vert flytta frå formål 9010 – kompetanseutvikling, til formål 9017 – Luther 2016.
  - c. Kr 290.000 vert flytta frå formål 9011 – REU, til formål 9017 – Luther 2016.

Samrøystes vedtak

---

## **063/15: Kyrkjemøte sitt budsjettreglement - høyring**

### **Vedtak:**

Bjørgvin bispedømeråd vedtek høyringa slik den ligg føre med dei merknadane som kom fram i møte.

Samrøystes vedtak

HØYRING – KYRKJEMØTET SITT BUDSJETTREGLEMENT

**Kommentarar til det generelle innhaldet i høyringsnotatet:**

Bjørgvin bispedømeråd (BBDR) opplever at fleire formuleringar er for uklare og difor vanskelege å ta stilling til. Det bør tilstrebast å sikre at omgrepsbruken er i betre samsvar med gjeldande regleverk og lovverk, mellom anna kommunelova.

Til dømes er bruk av "budsjett" uklart. Vi tolkar at ein snakkar om årsbudsjett, eller når ein snakkar om 3- 5 års rullerande budsjett, meiner ein då økonomiplan, for fire år jamfør rekneskapslova? Prinsipp om same kontoklassar for KR, BDR og FR er eit anna døme der ein i ny ordning må ha merksemd. Slik at ein kan følgje korleis statlege midlar vert nytta, utan mistanke om at ein dekkjer opp for manglande kommunale midlar.

I punkt 5 står der m.a.: «Fra 2017 vil regnskapsprinsippet bli innført. Dette innebærer nye kostnader som må dekkes innenfor rammen.» Dette vert gjentatt. Drifta vert den same, så kva kostnader er dette? Det er i det minste upresist formulert. Prisstiging, lønsauke, kostnader med nye datasystem, m.m. må innarbeidast i budsjettet. Det same gjeld det som i notatet vert kalla «naturalytelsene i staten», pensjonspremie, revisjon, mm. som ramma må aukast med, det må synleggjerast i budsjettet.

Sjå også § 6 under.

Dersom det skal setjast av midlar sentralt til å møte uføresette kostnader (punkt B) og til strategiske satsingar (punkt C) må det vera snakk om promille, ikkje prosent av tildelinga. Kyrkjemøtet må drøfta om det skal avsetjast slike midlar, kor ofte, storleiken på midlane og korleis disponera dei, samt kva formål desse midlane skal takast frå. Om dette vert innført frå starten av, må omprioriteringane gjerast **no**. Om det vert innført frå 2018 eller 2019, vil ein få lengre tid på dei omprioriteringane som må gjerast. Omdisponeringar på dette området vil vere krevjande sidan tildelinga allereie i dag stort sett er bunden opp i lønsmidler. 2 prosent utgjer to til tre stillingar i kvart bispedøme. Omfordeling vil måtte synleggjere kva ein då vil prioritere, og synleggjere kva ein reduserer. Bjørgvin bispedømeråd er difor skeptisk til å sette av store uspesifiserte midlar til strategiske satsingar i den storleiken høyringsutkastet legg opp til.

Under punktet "Ramme" på side 12 vil vi og peike på korleis tilsegn vert gjevne overfor kommunane i regjeringsproposisjonen. Same linje burde bli vurdert også overfor kyrkja for å skape meir tryggleik i budsjettarbeidet.

Vidare er det på side 13 "Uforutsette kostnader" noko inkonsekvens i formuleringane. Budsjett må være i balanse. Overskridingar kan likevel skje, reglementet må difor seie korleis dette skal handsamast og dekkjast inn.

Bjørgvin bispedømeråd stiller også spørsmål ved om det er klokt at "bevilgning til kirkevalg blir årlig"? Det kan då vere krevjande å argumentere for auka tildeling på dette området ovanfor stortinget. Likeeins er det uklart kva ein meiner med at OVF midlar blir tatt inn i ramma. Her kan uklarheit skape forståing i samspel med politikarane som i neste runde opnar for at drift må dekkjast av desse midlane? Vi stiller spørsmålet.

Bjørgvin bispedømeråd stør at ein arbeider med fordelingsnøklar for ressursfordeling mellom bispedømeråda. Bjørgvin bispedømeråd vil og rå til at ein i dette arbeidet ser på fordelingsnøklar med omsyn til ressursfordeling mellom nivåa i kyrkja, då i første runde bispedømenivå og sentralkyrkjeleg nivå. Omfordeling av midlar må leggest inn i ein langsiktig plan, og basert eit skilje på handlingsrommet rundt til dømes investeringsmidlar, driftsmidlar og lønsmidlar.

Ansvars- og oppgåvefordelinga i det nye rettssubjektet og korleis fellesutgifter skal førast, må

drøftast. Kost/nytte-vurderingar vert viktige her, ein bør unngå internfakturering. Gjeld t.d. IKT.

Fordelingsnøkkelen vedkomande midlane frå OVF må reviderast. Midlane er meint til føremål i kyrkjelydane og kan ikkje bli ein del av bispedøma si drift. Bispedømerådet vedtar fordelinga etter søknad.

Såkalla nye inntekter må gå til lokalnivået.

Forslag til *endingar* står i kursiv.

## **§ 1 Virkeområde**

Ingen kommentar.

## **§ 2 Grunnleggende prinsipper**

Budsjettet vedtas for kalenderåret. *Det skal også lages et langtidsbudsjett.*

Bjørgvin Bispedømeråd (BBDR) meiner alle einingar må utarbeida eit langtidsbudsjett for fem år som vert rullert kvart år.

Elles ingen kommentarar til reglementet.

## **§ 3 Forslag til Kirkemøtets budsjettvedtak**

Ingen kommentarar.

## **§ 4 Budsjettets inndeling**

Siste avsnitt:

*For gruppe 2 og 3 treffer Kirkemøtet vedtak på beløp for hver gruppe og Kirkerådet fordeler beløpet internt i gruppene.*

Fordelinga internt i gruppene blir ein del av Kyrkjerådet sitt økonomireglement og må ta utgangspunkt i historiske tal.

## **§5 Disponering av budsjettet**

Ingen kommentarar.

## **§ 6 Disponeringsfullmakter**

Andre avsnitt:

*Under gruppe 1 har Kirkerådet adgang til å omdisponerer inntil 1 % av vedtatt budsjett til formål under samme kategori.*

*Under gruppe 2 og 3 har Kirkerådet adgang til å omdisponerer inntil 5 % av vedtatt budsjett til alle gruppene.*

Gruppe 1 gjeld budsjett for lovbestemte organ for Dnk. Gruppe 2 og 3 gjeld budsjett for organ som ikkje er lovbestemte i Dnk. Lovbestemte organ må sikrast betre rettar enn dei som ikkje er lovbestemte.

Siste setningen i paragrafen er uklart formulert. «Overskytende midler» må bety ut over 5 %. Dette kjem evt fram året etter, dvs. neste budsjettår. Budsjettet for neste budsjettår vil då allereie vera vedtatt. Slike midlar kan då tidlegast disponerast av Kyrkjerådet ved ein budsjettrevisjon for det året. «kan i *budsjettåret* disponeres» er uklart formulert.

### **§ 7 Budsjettendringer i løpet av året**

Ingen kommentarar til teksten i paragrafen.

I «VEDLEGG Kirkerådet foreslår for Kirkemøtet å vedta følgende budsjettreglement:» er Kyrkjerådet sitt sekretariat sine kommentarar til § 7 med i teksten. Dette må vera ein såkalla inkurie. Til Kyrkjerådets kommentar: Her må det vera ei samanblanding av begrep. Ein må skriva anten auka kostnader eller inntektskutt på 3%. Å få 3% lågare kostnader trur vi alle skal klare å takla på eige hand... Alternativt kan ein skriva «Bestemmelsen innebærer at pålegg om inntil 3% kutt i kostnader alltid skal håndteres av bispedømmene».

### **§ 8 Forpliktelser utover budsjettåret**

Kan utgå.

### **§ 9 Disponering av likvide midler**

Ingen kommentarar.

### **§ 10 Regnskap**

Andre avsnitt:

*Alle enheter i § 4 legger fram årsregnskap.*

Kyrkjemøtet får alle rekneskapane til orientering, også gruppe 2 og 3 som nemnt i § 4.

### **§ 11 Revisor**

Ingen kommentarar.

### **§12 Iverksettelse**

Ingen kommentarar.

---

## 064/15: Samanslåing av Bjørgvin og Biskopshavn familievernkontor

### Vedtak:

1. Bjørgvin bispedømeråd støttar forslaget om at stiftinga Bjørgvin familievernkontor kan slå seg saman med stiftinga Biskopshavn familievernkontor.

Samrøystes vedtak

---

## 065/15: Vidareføring av Lærenemnd for Den norske kyrkja

### Vedtak:

#### Høyringsvar frå Bjørgvin:

#### Representanten Egil Morland sitt heilskaplege forslag: Votering 5 røyster

1. Bjørgvin bispedømeråd har tidlegare rådd til at Lærenemnda ikkje vert ført vidare i ei ny kyrkjeordning. Det tyder ikkje at lærespørsmål er uviktige. Tvert om er det ønskeleg at vi som ei luthersk kyrkje gjev slike spørsmål stort rom.
2. På denne bakgrunnen har Bjørgvin bispedømeråd vurdert framlegget om eit Teologisk Råd som eit innspel det er verdt å gå vidare med. Det vert særleg vist til at det er viktig at det i læresaker er ein viss avstand til Bispemøtet som samla organ.
3. Skulle det visa seg at framlegget om eit Teologisk Råd ikkje får tilstrekkeleg oppslutnad, meiner Bjørgvin bispedømeråd at Bispemøtet også skal ha funksjon som læreorgan, og at det i slike tilfelle knyter til seg relevant kompetanse frå ulike fagområde.

#### Administrasjonens korrigerede forslag: Votering 4 røyster

Bjørgvin biskop og bispedømeråd vil gå inn for alternativ 1 i høyringsdokumentet i tråd med det høyringsvar som vart gjeve i høyringa *Veivalg for Den norske kyrkje*.

Biskopane har læreansvar og Bispemøtet bør vera det organ som uttaler seg i læresaker, og deira autoritet som ansvarlege i læresaker bør ikkje kunna overprøvast av andre organ. Samstundes bør bispemøtet når dei opptrer som læreorgan supplerast med naudsynt teologisk spesialkompetanse og teologisk breidde som trengs for å gje ei eventuell læresak tilstrekkeleg brei og fagleg forsvarleg handsaming. Dei teologisk sakkyndige kan vera med å gje teologiske betenkingar i førearbeid, men det er biskopane som læreansvarlege som uttalar seg. Det er viktig at bispemøtet i læresaker har denne forsterking, særleg når biskopar på førehand har vore involvert i saker som utviklar seg til læresaker.

Slik supplering treng ikkje skje ved fast oppnemning fordi den spesialkompetanse som trengs kan variera. Det kan skje ved på fleire måtar, ved at bispemøtet vert supplert i sine forhandlingar eller i sitt førearbeid eller i Ad-hoc utval.

Det ligg alt innanfor bispemøtet sitt handlingsrom at det kan oppnemna Ad hoc-utval eller arbeidsgrupper som utgreier saker før bispemøtet uttalar seg som læreorgan.

Denne modellen vil gje ein mindre administrasjon enn den noverande lærenemnda.

### **Til framlegget til reglement for lærenemnda**

Bjørgvin biskop og bispedømeråd går inn for forslag I til reglement med fylgjande endringar:

Ordet Lærenemnd bør ikkje brukast når det ikkje er eit eige organ og den tidlegare lærenemnda er nedlagt. I staden bør det kallast «Bispemøtet som læreorgan»

Til §1: Bispemøtet opptre etter anmodning som læreorgan og gir uttalelse i saker der....

Til §2: Her bør det i fyrsta avsnitt stå: «Bispemøtet som læreorgan utgjøres av samtlige tjenestegjørende biskoper. I tillegg supplers bispemøtet med rådgivende sakkyndig kompetanse (minst to personer) som deltar i drøftelsene og samtalene når bispemøtet er samlet som læreorgan.

---

## **066/15: Arbeidsgjevarspørsmål i samband med versemsoverdraginga - utkast til aktuelle regelverk**

### **Vedtak:**

Bjørgvin bispedømeråd støttar i hovudsak høyinga sitt utkast til regelverk, men vil fremje forslag om å vurdere andre modellar for tilsettingsreglement:

1. a) Tilsettingsreglement for bispedømekontortilsette og kyrkjerådstilsette kan i større grad samordnast enn det høyringsutkastet legg opp til. Det er ikkje unaturleg at ein også har eit tilsettingsutval som gjer tilsettingar på alle stillingar ved bispedømekontoret med unntak av leiarstillingane.

Samrøystes vedtak

b) Likeeins kunne ein tenkje seg at tilsetting av alle prestestillingar med unnatak av sokneprestar og prostar vart gjort av eit tilsettingsutval. Det vil seie administrativt, men med innstillingsråd som er partsamansett.

To røyster

2. Primært meiner vi at bispedømeråda, slik som kyrkjerådet, berre treng vere tilsettingsorgan ved leiarstillingar, det ville seie prostar og leiarstillingane ved bispedømekontoret. Alle andre vert tilsett administrativt ved tilsettingsutval.

To røyster

3. Å ikkje gjere noko endring i tilsettingsreglementa slik høyringa legg opp til.

Ingen røyster



---

## 067/15: Den norske kyrkja si klagenemd - oppretting av eit særskilt klageorgan i samband med verksemdsoverdraginga

### Vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd vedtek høyringssvar med dei merknadane som kom fram i møte

Samrøystes vedtak

### Høyringssvar frå Bjørgvin:

Bjørgvin biskop og bispedømeråd vil gå inn for:

Same hovudprinsipp som i dag er heimla i forvaltingslova §28 fyrste avsnitt:

*Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).*

Som eit hovudprinsipp bør klage rettast til nivået over det nivået som fatta eit vedtak som vert innklagd, slik som når Bispedømerådet er klageinstans for vedtak i fellesråd i gravferdsaker eller byggesaker. Saker som i dag har ei forsvarleg klagehandsaming treng ikkje flyttast til eit nytt organ. [Biskopens vedtak i saker av læremessig karakter og som ligg under tilsynet, kan ikkje påklagast.](#)

Det same prinsippet bør gjelda dersom det er klage på ein stiftsdirektør t.d. når han/ho tilset nokon på delegasjon. Då vert klagen som følge av dette prinsippet ikkje tatt opp i Bispedømerådet i møte som klage på vedtak, men kan takast opp som ny handsaming på same nivå fordi stiftsdirektøren er ein del av forvaltningsnivået bispedømeråd. Klagen på vedtaket, dersom bispedømerådet ikkje gjer om vedtaket, går til Kyrkjerådet som er nivået over stiftsdirektøren.

Det same vil gjelda usemje mellom innstillande og tilsetjande organ i Bispedømerådet, og klage på disiplinærtiltak fatta av bispedømerådet, det går til Kyrkjerådet fordi bispedømerådet tilset på delegasjon frå Kyrkjerådet, som er forvaltningsnivået over.

Ut frå dette vil ein stilla spørsmålsteikn ved om Kyrkjerådet kan vera klageinstans ved vedtak som er gjort internt i Kyrkjerådet, altså der det ikkje er gjort vedtak i rådet, fordi det er same forvaltningsnivå.

[I. Klage på disiplinærvedtak overfor biskop, direktør og assisterende direktør i Kirkerådet og generalsekretær i Bispemøtet bør handsamast i eit eige klageorgan. Biskopen sine vedtak i saker av læremessig karakter og som ligg under tilsynet kan ikkje påklagast.](#)

Kyrkjerådet kan vera klageorgan for :

- Klage på avgjørsler i Evalueringsnemnda,
- Klage på disiplinærreaksjoner i bispedømerådet,
  - men ikkje på tilsvarende internt i Kyrkjerådet, altså der det ikkje er det valde Kyrkjerådet som har tatt avgjerda.
- Ved såkalte mindretallsklager ved tilsetjing og disiplinærreaksjoner i bispedømerådet
  - men ikkje på tilsvarende internt i Kyrkjerådet, altså der det ikkje er det valde Kyrkjerådet som har tatt avgjerda.

- Ved uenighet mellom henholdsvis tilsettende og innstillende myndighet i bispedømmerådet
  - men ikkje på tilsvarende internt i Kyrkjerådet, altså der det ikkje er det valde Kyrkjerådet som har tatt avgjerda.

Kyrkjerådet kan ikkje vera klageorgan for vedtak tatt internt i kyrkjerådet sin administrasjon, dette må leggas til eit klageorgan.

II. Dersom Kyrkjemøtet vil at kyrkja skal etterleva offentleglova må det vera eit klageorgan som kan handsama klagen, dette kan vera klageorganet eller dersom ein ser at det kan bli mange av denne typen klager kan det leggas til eit meir lettbeint utval under Kyrkjerådet som har ekspertise på slike klager.

Ein ser ikkje no at det er andre saker som bør leggas til eit klageorgan, men dette kan ikkje vera låst, det må vera opning for at erfaringar med klagepraksis kan føra til at Kyrkemøtet kan avgjera at saker vert flytta frå Kyrkjerådet til klageorganet eller motsett.

III. Klagenemnda sine medlemmer bør utnemnast av Kyrkjemøtet og må ha både teologisk og juridisk, arbeidsrettsleg kompetanse.

Men klagenemnda skal handsama forvaltningsmessige klager og ikkje læresaker. I saker som har læremessige implikasjonar må klagenemnda be biskopen reisa læresak for å få naudsynleg læremessig avklaring før forvaltningsklage kan handsamast.

IV. Ein har ingen innvendingar mot at sekretariatsfunksjonen vert lagt til Kyrkjerådet sin administrasjon.

---

## 068/15: Etablering av eit nytt kontrollorgan for kyrkjemøte

### Vedtak:

Björgvin bispedømmeråd vedtek høringa med dei merknadane som kom fram i møte

Samrøystes vedtak

### Spørsmål 1: Er høringsinstansene enige i at det er behov for et eget kontrollorgan for det nye rettssubjektet?

Ja.

**Spørsmål 2: Bør protokollkomiteens oppgaver begrenses til å omfatte en godkjenning av møteprotokollene (å være protokollunderskrivere)?** Nei. Det er viktig at protokollunderskriverane har ei sjølvstendig rolle i forhold til det nye kontrollutvalet.

**Hvis ikke, hva bør øvrige oppgaver bestå i?** Kontrollere at Kyrkjemøtet sine vedtak ikkje inneheld manglar som rettar seg mot vedtaka sitt innhald eller tilbliing. Sekretariatet spelar og ei rolle her, men det vil være protokollunderskrivarane som her har eit særskild ansvar.

**Spørsmål 3: Hvilken rolle bør kontrollutvalget ha knyttet til revisjon?** Kontrollutvalet bør ha ei liknande rolle som kontrollutvala har i kommunane.

**Hvem bør utpeke revisor for det nasjonale rettssubjektet?** Kyrkjerådet.

**Spørsmål 4: Bør kontrollutvalgets informasjonsinnhenting foregå gjennom Kirkerådet?** Ja, det kjem fram som mest ryddig ut i frå strukturen, då utvalets kontrollobjekt nettopp er Kyrkjerådet.

**Spørsmål 5: Bør kontrollen av Kirkerådet avgrensnes til å omfatte dets rolle for det nye rettssubjektet?** Nei.

**Spørsmål 6: Bør kontrollen av Kirkerådet avgrensnes til å omfatte dets rolle innen økonomiforvaltningen?** Ja.

**Spørsmål 7: Høringsinstansen bes komme med innspill til valgperiode, antall medlemmer og hvor mange medlemmer som bør utgå fra Kirkemøtet –herunder om leder alltid bør være medlem av Kirkemøtet.** Omsynet til kontinuitet og ryddighet tilseier at utvalets medlemmer bør veljast inn for heile valperioden. Det bør vere 5 medlemmar i utvalet, alle av og blant medlemmene i Kyrkjemøtet.

**Spørsmål 8: Har høringsinstansene synspunkter på hvem som bør være utelukket som utvalgsmedlem?** Sentralkyrkjeleg administrasjon og stiftsdirektørar.

**Spørsmål 9: Har høringsinstansen synspunkter på om lokaliseringen av sekretariatsfunksjonen bør legges helt utenfor Kirkerådets sekretariat eller om utvalgets sekretariat kan være samlokalisert med rådets?** Bør organiseras uavhengig av rådet. Omsynet til uavhengighet er særskilt viktig.

---

## **069/15: Nysæter gravplass - Klage på vedtak - Gravminne**

### **Vedtak:**

Björgvin bispedømeråd tar ikkje klaga til følgje. Dette symbolet er av ein slik karakter at dette ikkje høver seg på ein gravplass.

Samrøystes vedtak

---

## **070/15: Referatsaker**